

## Merknadsoppsummering frå 1. gongs høyring og offentleg ettersyn m/ kommentarar

Plan: Detaljregulering for F21 ved Nysætervatnet

Dato: 29.04.2021

Merknad frå	Merknadens innhald	Kommunens kommentar / Plankonsulentens sin kommentar
Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)	<p>Planfagleg merknad:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Utbygginga har lagt opp til høg utnytting av planområdet. FK skulle helse sett talet på tomter bli redusert noko for betre å oppretthalde området naturlege karakter og hytteområdet bli mindre dominant i landskapet.</li></ol> <p>Samferdsel:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>2. Krysset fv60/Nysætervegen: Kommunen har ansvar for at krysset/avkøyrse mellom kommunalveg og fv.60 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det toler det auka trafikken reguleringsplanen vil medføre. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok n100.</li></ol>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Her må forslagsstillar/plankonsulent sjå kvar det vil passe bra med ytterlegare grøntområde i planområde for å bryte opp i område avsett til utbygging og gje området eit preg av mindre fortetting. Om ein tar den politiske diskusjonen på godkjenning av F24 som retningsgivande, så er politikarane opptatt av at ein også inne i felta må ta vare på eigna naturområde og gjere felta attraktive.</li><li>2. Kommunen si oppfatning er at trafikken som no er på avkøyrsla til Nysætervegen ikkje er så høg at dette utløyser eit umiddelbart behov for å utbetre krysset. Dette er likevel noko som må vurderast saman med den andre vegegaren (fylkeskommunen) om/når det er behov.</li></ol> <p>-----</p> <p><i>Ein kan ikkje sjå at det er høgare utnytting en det som er godkjent i tilsvarande felt ved Nysætervatnet. Strengare krav til infrastruktur, særleg kloakkløysingar, gjer det nødvendig at det blir fleire einingar å fordele kostnadane på.</i></p> <p><i>Endringar sidan første planforslag:</i></p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. <i>Gbnr.33/3: 2 tomter tatt ut av planen. Området, som delvis er myr, er endra til grønt.</i> <i>Gbnr.33/5: Teigen har allereie tomter som er frådelt tidlegare. Nye tomter på toppen er beholdt, men grønt-korridor frå eksisterande vegende mot fjellet er gjort breiare.</i> <i>Gbnr.33/8. Ingen endringar. Tomtene er gjennomgåande store, så det vil bli god plass mellom hyttene.</i> <i>Gbnr. 33/4. Ingen endringar.</i></li><li>2. <i>Samferdsel. Jfr. kommunen sin kommentar.</i></li></ol>

<p>Statsforvaltaren (SF)</p>	<p>Natur- og miljøvern:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>SF rår kommunen til å redusere tal på hyttetomter innanfor planområdet slik at ein bevarer meir av naturpreget området har i dag.</li> </ol> <p>Samfunnstryggleik og klimatilpassing</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Det kjem fram at det ikkje er tilfredsstillande sløkkevassforsyning i planområdet, eller generelt rundt Nysætervatnet. Det blir basert på tankbil eller frå nærliggande vassdrag. Det er viktig at kommunen sikrar tilstrekkeleg og føreseieleg forsyningskapasitet, inkludert sløkkevatn for brannvesenet. SF føreset at det kommunale brannvesenet får høve til å uttale seg til planen. Dei minner elles til pbl § 27-1.</li> <li>Stikkrenne gjennom nye vegar skal ha minimum same dimensjon som eksisterande stikkrenne gjennom sætrevegen. SF er usikker på om eksisterande stikkrenne er dimensjonert for eit klima i endring. Om dette ikkje er tilfelle, bør dette krevjast for nye stikkrenner.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>Sjå FK punkt 1</li> <li>Kommunen har i etterkant av fråsegna frå Statsforvaltaren gjeve brannvesenet høve til å uttale seg til planen. Det har ikkje kome noko offisiell uttale frå brannvesenet til planen, men brannvesenet er bekymra med tanke på sløkkevatn på Fjellsætra og at tankbil berre kan sikre vassforsyning for ein avgrensa innsats. For større brann i fleire hytter, store bygg eller i terreng er ikkje sløkkevassforsyninga tilstrekkeleg. Refylling av tankbil i Velledalen vil ta 20-30 minutt pluss køyretid om det ikkje er moglegheit til å hente vatn frå opne kjelder, noko som ikkje er ei sikker løysing for vassforsyning. Utifrå tilbakemeldinga frå brannvesenet kan/må ein her tenkje heilheitlege løysingar for heile område Nysætervatnet, der eit alternativ kan vere minst tre høgdebasseng med strategisk plasserte fyllpunkt langs hovudvegane i området med størst fortetting. Det verkar som brannvesenet er meir skeptisk til egne sløkkevassløysingar innanfor kvart område då dette kan vere utfordrande å lage føreseielege løysingar på, med tanke på felles standard, ansvar og rutiner for vedlikehald av fylletankar og tappepunkt. Men det er og eit alternativ. For å finne ut kva den beste løysinga for sløkkevatn er for Nysæterområdet, kan ein sette eit utval der politikarar og administrasjonen er representert. Målet er då å jobbe fram ein felles standard for hyttefelt eller løysingar for eit kommunalt anlegg for sløkkevatn.</li> <li>Her viser vel statsforvaltaren til flaumvurderinga side 2. Er det tilfredsstillande at dimensjonane på stikkrenner i nye vegar er tilsvarande dagens stikkrenner gjennom Dravlausskogvegen, eller bør desse også opp 10 cm som er foreslått for eksisterande stikkrenner? Er dette +20% klimapåslag-dimensjonert?</li> </ol> <hr/> <p>1. Sjå førre punkt.</p>
------------------------------	---	---

		<p>2. Sløkkevassforsyning må løysast for større område, ikkje realistisk å løyse det innanfor eit avgrensa tomtefelt.</p> <p>3: Krav om dimensjonering (overvassvurdering) av stikkrenner før bygging av veg blir føyd til.</p>
Statens vegvesen (SVV)	<p>1. Utvikling av utbyggingsområder rundt Nysætervatnet vil samla sett belaste vegnettet med meir trafikk. Den auka trafikken dette genererer kan få negative konsekvensar for trafikksikkerheiten. Særleg i krysset mellom fv.60 og kv. 7003 (Nysætervegen). SVV tilrår vegeigarane, fylkeskommunen og Sykkylven kommune, i samråd vurdere trafikksikkerheten i krysset og utifrå desse vurderingane iverksette eventuelle tiltak.</p>	<p>1. Sjå FK punkt 2.</p> <p>-----</p> <p>1. Ingen ytterlegare kommentarar</p>
NVE	<p>Naturfare</p> <p>1. NVE kan ikkje sjå at det er gjort noko vurdering av flaum og erosjon i og langs Fausaelva/Tjønnaelva. Ei av tomtene i BFF1 er nær elva og innanfor aktsemdområder for flaum oppstrøms brua på Dravlausskogvegen. NVE ser på dette som mangelfullt og rår til at ei slik vurdering blir gjort før sluttbehandling av planen.</p> <p>2. NVE vil gjere merksam på at utbygging av naturområdet med auka harde flater kan gi endra avrenningsmønster i bekkane og at utbygging må sikre god handtering av overvatnet i planområdet.</p> <p>3. NVE ber avklare eventuell krav til kantvegetasjon før slutthandsaming av planen, jf. Vassresurslova § 11 (årsikker vassføring)</p>	<p>1. Riktige navnet er vel her Tjønneelva og ikkje Fausaelva som ligg i Stranda kommune sin del av Nysæterområdet. I flaumvurderinga som vart gjort av Asplan Viak AS i samband med planarbeidet på F20 i 2017, er 200 års flaumsona til Tjønneelva vurdert også langs F21. Flaumkartet viser her at byggeområde på F21 ikkje er utsett for flaum. Kanskje eit utsnitt av dette kartet og tekst kan takast inn i planomtalen?</p> <p>2. Takast til vitande. Er dette tatt med i vurderingar/berekningar gjort i flaumrapporten?</p> <p>3. Plankonsulent opplyser i planomtalen at ingen av bekkane i område er såkalla årssikre. Slik kommunen tolkar det er det då ikkje krav om å regulere kantsone.</p> <p>-----</p> <p>1. Jfr kommunen sin kommentar. Blir føyd til i planomtalen.  2. Det blir krav om overvassberekning av stikkrenner før utbygging.  3. Jfr. kommunen sin kommentar.</p>

<p>Mattilsynet</p>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Mattilsynet vil sikre at ansvarlege i tidleg planfase utviklar området og tek inn gode løysingar for drikkevatt, mest mogleg felles løysingar, med god kapasitet og med mogelegheit for at nye abonnentar skal kople seg til. Ein bør dimensjonere anlegg slik at også eldre hytter i området på sikt kan kople seg til felles løysingar på vatn og avløp</li> <li>2. Mattilsynet etterspør langsiktige løysingar gjennom VA-plan, bindande føresegner i reguleringsplan, og ein tydeleg organisering av drift og ansvar som sikrar at drikkevatt er i tråd med krav i regelverket.</li> <li>3. Mattilsynet minner om at tiltakshavarar, kommune og konsulentar i prosessane med planarbeid må vurderer hyttefeltet samla der dei grenser inntil kvarandre. Vi registrerer at det er mange planar for utbygging på Fjellsætra. Mattilsynet ser særleg behov for å sikre leveranse av drikkevatt for framtidige generasjonar i eit attraktivt fjellområde.</li> <li>4. Mattilsynet vil presisere at drift av vassverk stiller krav til kompetanse og gode driftsrutinar. Ved mange små private vassverk kan det bli utfordrande å få kompetente personar til å drifte vassforsyningane. Kommunen bør difor prøve å legge planar for at vassverka får ein viss størrelse som kan gi handlingsrom for god drift. Kommunen bør og vurdere om dei sjølv skal stå som ansvarleg for drifta av nyetablerte vassforsyningssystem eller om dette skal overlatast til private. Det må i så fall stillast krav til ei viss form for organisering av vassverket til dømes som</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kommunen sitt inntrykk er at VA-planen legg opp til ei vassforsyning som er tilstrekkeleg for nye og eksisterande hytter. Der ein tar sikte på at brønnane i området skal vere felles for fleire fritidsbustader. Kapasiteten til nye borehol vil avgjer kva talet på nye brønningar som blir behovet innanfor området.</li> <li>2. VA-planen blir ein del av planen og ein må legge opp vatn- og avløpsløysingar i tråd med denne. Elles må ein følgje gjeldande regelverk på området.</li> <li>3. Byggeområda blir regulert kvar for seg og dermed blir VA-plan også planlagt innanfor dette avgrensa området. Men likevel må ein så utanfor plangrensene når ein lagar VA-plan og bygger ut feltet så ein ikkje skapar problem for omkringliggende områder som for eksempel forureining av eksisterande brønningar nedstrøms.</li> <li>4. Forslagsstillar/plankonsulent kan sjå på moglegheita til å ta inn reglar i VA-planen korleis brønnlaga skal vere organisert.</li> </ol> <p>-----</p> <p><i>1. Eit reinseanlegg blir tatt ut slik at dei to teigane lengst vest får felles reinseanlegg.</i></p> <p><i>2-4. Det blir lagt inn i VA-planen krav om organisering av drifta av VA-anlegga.</i></p>
--------------------	--	---

	eit sameige eller at utbygger eller grunneigarar står for drift og vedlikehald.	
Kartverket	Objektkatalogen må oppdateres til Regplan 20190401	Dette er rettet opp.
Vebjørn Skog (25/78)	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. BAV 1 reinseanlegg må flyttes oppover ca 10 meter g nærmere elv med rør til Tjønneelva på oversida av elva (<i>brua?</i>). Det vil sei på eigen grunn.</li> <li>2. Dersom forslagstiller ønskjer å gå over deira eigedom med rør eller ledninger må det foreligg ein avtale med grunneiger om dette.</li> <li>3. Støy frå reanseanlegg ser dei på som forurensing av miljøet. Dette anlegget vil ligge ca 40 meter frå hytta hans om planen blir gjennomført som planlagt. Ved lekkasje eller teknisk svikt vert dei utsatt for skjemmande lukt.</li> <li>4. Overflatevatn må leder fort og rundt deira eigdom. Dei har tidlegare vore plaga med vatn frå stikkrenner og vil ikkje at det skjer igjen. Innteikna veg kjem rett ned til deira veg og vil føre med seg mykje vatn. Deira grøft kan ikkje nyttast utan at den vert lagt i rør fordi deira eigedom til utbygger sin kostnad. Alle avtalar/løsninger må vere på plass før eventuellell igangsetting</li> <li>5. Generelt så er dette ei fortetting av hytter som nok ikkje er ønskelig for mange med tanke på miljøet og naturen.</li> </ol>	<p>Lar plankonsulent og forslagstiller gå gjennom og komme med kommentarar og løysinger for punkt 1-4.</p> <p>Kommentar til punkt 3: Plassering av reinseanlegg er lagt langs Dravlausskogvegen og inntil interveger i feltet. Dette er fornuftig for feltet då ein får sjølvfall til anlegga og ein legg til rette for ei eventuell framtidig påkopling til kommunal avløpsledning. Kommunen føreset at anlegga blir drifta og vedlikeholdt slik at ein redusere muligheta for svikt på anlegget.</p> <p>-----</p> <p><i>1+2. Prosessvatn få omtala reinseanlegg blir lagt om slik at Skog sin eigedom ikkje blir berørt av grøft.</i></p> <p><i>3. Ingen merknad.</i></p> <p><i>4. Det blir lagt opp til stikkledning for overvatn til Tjønneelva frå avkøyring ny veg i same grøft som for prosessvatnet frå reinseanlegget.</i></p> <p><i>5. Jfr. kommentar i fyrste avsnitt.</i></p>